



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tormod Meisingset, 71 25 84 04

Konsesjon - Fjord - Tafjord Kraftproduksjon AS - Fetegga pumpestasjon med kraftlinje - regulering av Reindalsvatnet

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Innleiing

Tafjord Kraftproduksjon AS ønsker å pumpe deler av vassmengda i Kaldhussæterreindalen /Fetvasselve over til Heimste Viksvatnet. Dei søker samstundes om å regulere Reindalsvatnet med 0,6 meter. Det skal byggjast og driftast ein pumpestasjon med tilhøyrande transformator og koplingsanlegg, samt at det vert søkt om løyve til bygging og drift av 22 kV kraftline / 22 kV kabel med tilhøyrande koplingsanlegg i tilknytning til Fetegga pumpestasjon.

Statsforvaltaren si vurdering

Store deler av Tafjordfjella er allereie utbygd til kraftproduksjon, og det aktuelle området er heller ikkje inngrepsfritt frå tidlegare prosjekt, men likevel vil tiltaket utvide menneskeleg aktivitet i fjellheimen.

Villrein er ein norsk ansvarsart som vi har eit internasjonalt ansvar for å ivareta. Stortingsmelding [Ein forbetra tilstand for villrein](#) og kvalitetsnorm for villrein er dei nasjonale føringane for dette. Omsynet til villrein skal vektleggast sterkare enn tidlegare og det skal vere høg terskel for nye inngrep og auka aktivitet i leveområda for villrein.

Som det går fram i høyringsuttala frå villreinnemnda for Reinheimen – Breheimen, så har områdebruken for villrein endra seg dei seinaste åra, og det er ønskeleg at villrein får høve til å utvide leveområda utan forstyrringar. Dette er ny og viktig informasjon som må leggjast til grunn for konsesjonsvurdering og vedtak. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal støttar uttalen frå villreinnemnda.

Tiltaket medfører redusert vassføring i elva mellom Fetvatnet og Reindalsvatnet, og naturtypen elvevannmasser (NT) vil verte forringa av dette. Sjølv med minstevassføring og restvassføring frå

nedbørsfelt, så vil naturtypen bli vesentleg redusert i forhold til naturtilstanden. Ettersom det over tid har vore fleire større utbyggingar i Tafjordfjella, så er den samla belastninga på denne naturtypen stor i nærområdet.

NVE ber Statsforvaltaren gjere ei konkret vurdering av om tiltaket treng løyve etter forureiningslova for både anleggsfasen og driftsfasen. Slik prosjektet er skildra vurderer vi at det berre er naudsynt med løyve etter forureiningslova for anleggsfasen, men ikkje for driftsfasen.

Konklusjon

Ut i frå omsyn til villrein og samla belastning på naturtypen ellevannmasser, vil Statsforvaltaren i Møre og Romsdal primært rå i frå at det vert gjeve konsesjon til regulering av Reindalsvatnet og Fetegga pumpestasjon med kraftline. Ein ev. konsesjon bør ta opp i seg villreinnemnda sine innspel til avbøtande tiltak.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)
underdirektør plan- og klima

Tormod Meisingset
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Fjord kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune, nærings- og miljøavdelinga

Postboks 144 6211 VALLDAL
Fylkeshuset